



Radøy kommune

Radøy kommune - Teknisk forvaltning

Johannes Ulvatn
Radøyvegen 1543
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2643 - 14/10619

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
29.09.2014

Byggesak Gbnr 54/3 Ulvatn - søknad om løyve - etablering av minireinseanlegg - avslag

Delegasjonssak nr.: 212/2014

Administrativt vedtak. Saknr: 212/2014

Tiltakshavar: Johannes Ulvatn
Ansvarleg søkjar: August Norge as
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad etter Plan- og bygningslova for etablering av minireinseanlegg på gnr. 54 bnr. 3 Ulvatn. Det er ikkje søkt om utsleppsløyve etter forureiningslova.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen og forbod mot utslepp av sanitært avlaupsvatn i nedslagsområdet for drikkevatn.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.09.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.09.14 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Eigedomen ligg innanfor sikringssone nedslagsfelt for drikkevasskjelde.

Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen og frå forbod om utslepp av sanitært avløpsvatn i nedslagsområde for drikkevatt.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

På vegner av Johannes Ulvatn søkjast dispensasjon frå:

- 1) LNF-føremålet i arealdelen til kommuneplanen i den hensikt å etablere minireinseanlegg til erstatning for eksisterande tett tank.
- 2) Forbod mot utslepp av sanitært avløpsvatn i nedslagsområde for drikkevatt.

Av 1.) Eigedommen er bebygd med bustadhus og har i dag utsleppsløyve til tett tank. I forhold til LNF-føremålet representerar ikkje minireinseanlegget nokon endring.

Av 2.) Eigedommen ligg også i nedslagsfeltet til drikkevasskjelde/Ulvatn, men over 100 m frå vatnet. Terrengformasjonen der utløpet vert plassert er slik at reell avstand vert mykje lengre og vil truleg ikke ha innverknad på drikkevasskjelda/Ulvatn i det heile.

Utløpet vert utstyrt med etterpolering i form av kum med lecakuler.

Å pumpe utløpet utanfor restriksjonsområdet vert urimelig, både fordi effekten på drikkevasskjelda ikkje vert sporbar og fordi kostnaden ikkje kan forsvarast med tanke på avstand og rimelegheit mellom samfunnsinteressen i plansamheng og søkjaren. Vi meiner difor at fordelene for søkjaren er klart større enn restriksjonen i gjeldande plan etter reell avveging og at dispensasjon kan gis.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå teknisk drift Radøy kommune den 23.09.2014:

Etablering av minireinseanlegg med etterfylgjande utslepp til nedslagsfeltet kan ikkje tillatast Det vert vist til bestemmelsene i skjønnet ved klausuleringa av Ulvatnet med omkringliggjande nedslagsfelt. Ved etablering av utslepp skal desse måtte førast ut av nedslagsfeltet for Ulvatnet separat eller etter ein samla plan

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 17.09.2014.

VURDERING:

«Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune, datert 01.09.2010» har følgjande paragraf:

§9 Forbod

Til følgjande vatn og elvar med nedbørfelt vert det ikkje godkjent nye utslepp av avlaupsvatn, utan at det er i samsvar med gjeldande klausulering:

A. Ulvatn

B. Færevatn-Vaulen

C. Vestevatn-Gjerdevatn-Storrindvatnet (store algemengdar)

D. Kvalheimsvatn

E. Storavatnet (Toska)

F. Landområde med mindre tjern og bekkar og sær sårbare sjøresipientar.

Forbodet gjeld elles einkvar drikkevasskjelde eller reservevasskjelde.

Det ligg ikkje føre nokon heimel for å handsame dispensasjonar frå denne forskrifta, og på grunnlag av dette vil det ikkje vere naudsynt å vurdere dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen.

VEDTAK:

Med heimel i «Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune, datert 01.09.2010» § 9 vert søknaden om etablering av minireinseanlegg å avvisa.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2643.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|---------|-----------------------------------|-----|----------------|
| 10.2.11 | Avvist sak søknadspliktige tiltak | 1 | 1 900,- |
| | Totalt gebyr å betala | | 1 900,- |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2643

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Johannes Ulvatn

Radøyvegen 1543 5936

MANGER